



## HØYRING - FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE 2023 - 2027 I TIME KOMMUNE

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time kommunestyre	027/23	28.03.2023

### Framlegg til vedtak:

*Forslag til forskrift om godtgjersle for folkevalde 2023-2027 i Time kommune vert lagt ut på høyring. Høyringa vert kunngjort på kommunen si heimeside.*

*Høyringsfristen vert sett til 8 veker.*

### Time kommunestyre

#### Forslag frå Ingrid Fiskaa (SV)

§ 3-1, endring frå 110% til 100% slik at første setning blir slik:  
"Ordførar i heil stilling skal ha ei årleg godtgjersle på 100 % av storingsrepresentantane si godtgjersle."

Framlegget vart vedtatt med 20 røyster medan 7 røysta for Ingrid Fiskaa sitt forslag (Jone Fosse, Ragnhild S. Dyngeland, Ranveig undheim og Signhild S. Samuelsen (Sp) 3 SV).

#### KS-027/23 Vedtak:

*Forslag til forskrift om godtgjersle for folkevalde 2023-2027 i Time kommune vert lagt ut på høyring. Høyringa vert kunngjort på kommunen si heimeside.*

*Høyringsfristen vert sett til 8 veker.*

# HØYRING - FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE 2023 - 2027 I TIME KOMMUNE

## SAKA GJELD

Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter til folkevalde i Time kommune

## SAKSOPPLYSNINGAR

Time kommune har pr i dag reglement for godtgjersle til folkevalde 2019-2023, vedtatt i Time kommunestyre 18.06.2019, [sak 043/19](#). I punkt 1.2.0 står det at avtroppande kommunestyre fastsett godtgjersle for komande nyvalde kommunestyre og dei nemnder, råd og utval som følgjer av nyvalet.

I Time formannskap sitt møte 22.11.2022, [sak 085/22](#), vart det sett ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppgåve å legge fram forslag til forskrift. Medlemmar i arbeidsgruppa var ordførar Andreas Vollsund (H), Jone Edland (Ap), Beate Aasen Bøe (SV), Sverre Risa (KrF) og Kirsten O. Alstadsæter (H).

Det som er nytt er at reglementet skal gis som forskrift og må innehalde folkevalde sin rett til dekning av utgifter og økonomisk tap, jf. kommunelova (§ 8-3, arbeidsgodtgjering (§8-4), ettergodtgjering (§ 8-6) og permisjonar (§8-10).

Det betyr at krava til forskrift i forvaltningslova må vere oppfylt. Forvaltningslova stiller mellom anna krav til korleis forskrifter skal utformast, at dei skal ut på høyring og at det gjeld særlege krav til kunngjering for at kommunen skal kunne rette seg etter forskriftene.

Det er opp til kommunestyret å bestemme korleis høyringa skal gjennomførast, jf. forvaltningslova § 37.

Kommunestyret får saka tilbake til endeleg behandling med høringssvar 20. juni 2023.

## VURDERING

Arbeidsgruppa har hatt 2 møter sjå vedlagte referat.

Det går fram av vedlagte forskrift kva endringar arbeidsgruppa har gjort. Endringane vises med uteha skrift og det som er føreslått fjerna vises med overstrykning.

Ordførar Andreas Vollsund la fram forslag om å legge seg på same godtgjersle som nabokommune Hå og Klepp kommunar for ordførar i heil stilling. Det vil seia ei årleg godtgjersle på 110 % av storingsrepresentantane si godtgjersle

I § 3 under 2. avsnitt er det lagt til: Har eit medlem planlagt forfall, avkortes godtgjering umiddelbart automatisk med beløp tilsvarande varamedlemmet si godtgjering. Med planlagt forfall meinast bl.a. ferie/fri, arbeid.

Varaordførar si godtgjersle er føreslått auka frå 12,5 % til 15 %. Godtgjersla til varaordføraren har ikkje blitt justert på mange år. Det er i den seinare tid blitt lagt til

fleire arbeidsoppgåver til vervet som bl.a. vigslar og næringsarbeid.

Det er lagt inn eit tillegg på 0,1 % til nestleiar som fungere som leiar i eit møte og ei auke i godtgjersla til gruppeleiarane med 0,5 %.

Partitilskot er lagt inn i forskrifta.

Elles er det små justeringa som de finn med uteheva skrift.

Arbeidsgruppa har vore samde i endringane som er føreslått i forskrifta.

Kommunestyret får saka tilbake til endeleg behandling med høyringssvar 20. juni 2023.

## **KONKLUSJON**

Forslag til forskrift om godtgjersle for folkevalde 2023-2027 i Time kommune vert lagt ut på høyring. Høyringa vert kunngjort på kommunen si heimeside.

Høyringsfristen vert sett til 8 veker.

Kommunedirektøren i Time, den 17.03.2023

Trygve Apeland

### **Vedlegg:**

Møtereferat frå arbeidsgruppa - forskrift for politisk arbeid i Time kommune

Møtereferat frå arbeidsgruppa - forkrift for politisk arbeid i Time kommune

Forskrift om folkevalde sin godtgjering i Time kommune

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur